

ASBJØRN
BRATÅS

&

VARIANT AV
FLESBERGINGEN





Asbjørn Bratås

født 5. oktober 1939 i Flesberg

Asbjørn ble introdusert for hardingfele rundt 1950, da faren (Olav K. Bratås) tok opp att spelet etter krigen. Etter to år begynte Asbjørn å spille sjøl. Naboen Ole Dalen var ivrig, og lærte Asbjørn de første slåttene, men det var faren Olav og Hellik Juveli som lærte han Flesbergspelet, – springar og halling etter Hellik og runddanslåtter etter faren.

Det var også mange andre spelemenn innom i heimen: Gunleik Stuvstad, Ole Berget, Hellik Ranvik, Hans Hamre og Niri Stuvstad for å nevne noen. De første grammofonplatene Asbjørn fikk tak i var med Johannes Dahle og Torleiv Bolstad. Disse spelemennene har vært forbilder for Asbjørn siden den gang.

Asbjørn har i dag følgende feler: Olaf T. Raaen (1934) og Olav Helland (1912). Olav Viken har mye av æren for at det er blitt bra instrumenter.

Asbjørn har deltatt på over 100 kappleiker, og har de senere årene vært å høre i klasse D på Landskappleiken. Han har spilt mye i bryllup og gravferder og er medlem i gruppa Numedølen (tidligere Tov Haukjems orkester).

SLÅTTAR

01 Variant av Flesbergingen, springar

ASBJØRN

Det er rett at det er ein Gibø-slått. Johannes Dahle hadde lært han direkte av Knut Dahle, bestefar sin. Knut hadde han nok frå Håvard Gibøen. Om Gibøen hadde han frå Knut Lurås er uvisst, men ikkje usanssynleg.

02 Hamburg e. Anders Ødegaarden

ASBJØRN OG PÅL

03 Reinlendar e. Anders Ødegaarden

ASBJØRN, PER OG PÅL

Hellik Juveli hadde denne frå Anders Ødegaarden, og så gjekk han vidare til andre.

04 Pere-Marit, vals

ASBJØRN OG PÅL

Valsen har fått namn etter Marit Kristoffersdotter Håvardrud (1877–1955). Ho reiste til Wisconsin i 1901 og blei gift Embretson. Ho har truleg vori flink til å danse, og det var spelemannen Gullik Sandbek (1877–1906) som sette namnet på valsen.

05 Ransåsen, springar

ASBJØRN

Mest truleg har slåttan namn etter dansemeisteren Levor Gulliksen Ransåsen (1788–1857). Elles kan det nemnast at Gullek Spellemann budde i Øvre Ransåsen på slutten av si levetid.

06 Helje Tresk, springar

ASBJØRN

Vi har to slåttar i Numedal med dette namnet. Det er sett i samband med Helje Herbrandsdotter Enga (1785–1857) i Svene. Oppnamnet kom truleg av at ho var noko knipen med mat til tenarane.

Stev: *Je ske syngje Helje Tresk fer jentun', je.* Tresk tyder vrang, vanskeleg, ful m.m. I Telemark kaller dei denne slåttan Kåte Reiar og i Valdres Anne Vik.

07 Gunnarhallingen

ASBJØRN

Dette namnet skriv seg frå Gunnar Linåseie (Smedplassen, 1859–1952), Flesberg. Han song slåttan mykje og var elles dansar. I Flesberg blir slåttan også kalla Hauganhallingen etter spelemannen Ole Haugan (1854–1907), Lyngdal. Han og andre i familien var også gode dansarar.

I Øvre Numedal blir slåttan kalla Oskehølen (ein av to med det namnet). I Hardanger kallast slåttan Tjønnerbergen, i Telemark Guro Heddeli og i Hallingdal Bråta-Per. Truls Ørpen spela sju former av denne slåttan.

08 Gamle Haugan, springar

ASBJØRN

Dette er eit namn etter den gode spelemannen Ole Andersen Haugan (1854–1907) frå Lyngdal i Numedal. Slåttan er òg kalla Inkje sutrær je, å inkje sørjer je.

09 Jeg vet meg en venn e. Jøran Aasland

GRO

Vi kan vel ikkje kalle denne ein salme, men heller ein religiøs song.

10 Vals e. Herbrand Førli

PÅL

Herbrand spela nokså mykje til dans på Skyttarhuset i Flesberg. Han smatta når han spela, og folk hadde moro av det. Han nøtta på fillegampen, sa dei. Så mykje om spelet hans er det visst ikkje lenger å seia, men ein vals som mange andre òg spela blei nemnd etter han (Førlivalsen). Dessutan skal han ha sett namnet på springaren Tømmerkjørar'n. Herbrand var med av dei fyrste som køyrde bil i Numedal.

11 Hamburg e. Ole Skudsvik

ASBJØRN, PÅL, ODDVAR, OLE RUNAR OG RUNAR

12 Reinlendar e. Ole Berget

ASBJØRN, PÅL, ODDVAR, OLE RUNAR OG RUNAR

13 Flesberg-hamburg

ASBJØRN, PÅL, ODDVAR, OLE RUNAR OG RUNAR

Etter Ole Berget som hadde han frå Ole Nærlicie.

14 Brudevals til Gro og Ole Johnny

PÅL

Vals som Asbjørn komponerte til dottera Gro sitt bryllup

15 Sven Svane

GRO

Jøran Bratås (1908–1982) hadde visa frå mor si, Anne O. Bjørnsrud (1880–1948).

16 Reinlendar e. Ole Nærlicie

ASBJØRN, SYNNE, PÅL OG ANDERS

Denne og fleire andre blei gjerne nemnde etter Ole Nærlicie (1887–1955). Sven Nyhus skreiv han opp etter opptak med Olav K. Bratås og bruka han i programmet Oppvarming til dans i NRK i 1976. Olav hadde han etter Nærlicie. Elles kan han førast attende til Eivind Spellemann som i si tid tok i bruk nokre runddansslåttar.

17 Hamburg e. Anders Ødegaarden

ASBJØRN, PÅL OG ANDERS

18 Reinlender e. Olav K. Bratås

ASBJØRN, SYNNE, PÅL OG ANDERS

VIDEO

Flesbergingen

Det er blitt fortalt at Knut Lurås (1782–1843), den kjende spelemannen og rosemålareren frå Tinn, lærte slåtten av Blinde-Knut (Knut Torgersen Laag, 1772–1849) frå Lyngdal i Numedal. Såleis kom slåtten til Telemark. Det er òg nemnt at namnet kan ha med spelemennene Eivind Spellemann (1830–1883) og kanskje faren, Gullek Spellemann (1807–1859) som var flebergingar.

Stev til slåtten: *Jenta spurte mor si om en liten ting, om ho kunne sleppe granneguten inn.*

Andre namn/former på slåtten: Stegaruden eller Stygåruden (etter ein dansar i Hovin), Lårdalsbrygga, Åsheimen (Seljord), Nisi'n, Fagerdalen (nyare namn) i Valdres. Eldre namn der var Bikkjelåtten eller Hundedenga.

Tangeslåtten

Dette er rette gromslåtten i Numedal, iallfall i Flesberg. Namnet har han fått etter meisterdansaren Torstein Tangen (1821–1913). Dette var ein av slåttane han gjerne ville ha. Slåtten er ein av dei ein med størst visse kan rekne etter Ola Pålson (1771–1847).

I Øvre Numedal kallar dei slåtten Løytnantdrenge (vi har fleire med det namnet), og det er vel rimeleg at Løytnantsdrenge har hatt slåtten på repertoaret sitt. Frå Seljord har vi namnet Månekåsen som er ei form av same slåtten. Dei har òg namnet Syrgjefuen på denne i Telemark.

Halling e. Hellik Rud

Slåtten blir mest nemnd på denne måten, Hellik Rud kalla han forresten Skjelleruden etter det Hellik Ranvik fortalde. Hellik Juveli nemnde slåtten Halling etter Eivind Spellemann. I Hallingdal har dei namnet Spretten på denne. Kan ha litt skyldskap med slåtten Skuldalsbruri i Telemark.





Denne plata består av opptak gjort i tømmerstugo på Søre Vatnebryn hos Jan H. Lislien i Lyngdal i Numedal. I tillegg til Asbjørn Bratås medvirker også barna Gro og Pål. Videoopptakene er gjort hjemme hos Asbjørn i Flesberg
Opptak og miks: Pål Bratås Mastering: Fridtjof A. Lindeman Produsent: Anders E. Røine Opptak gjort i perioden 2010–2011 Grafisk design: Eva Karlsson Foto: Svein Bjørtomt, Asbjørn Brækhus
Takk til Tone og Jan for utmerket gjestfrihet de helgene vi har vært hos dem. Takk til Synne Frogner (hardingfele), Ole Runar Bekkeseth (kontrabass), Runar Hannevold (gitar), Oddvar Fingarsen (trekkspill), Per Midtstigen (fløyte), Svein Bjørtomt / Asbjørn Brækhus (foto) og Bjarne Bratås (slåttekunnskap). Takk til Norsk kulturråd og Numedal spel- og dansarlag for tilskudd til prosjektet.

- 
- A person is sitting in a wooden chair with a floral patterned seat, reading a newspaper. The newspaper is titled 'Taagendalsposten' and shows a date of 'FREDAG 11. MARS 2011'. The person is wearing blue jeans and black shoes. The background shows a wooden cabinet and a red lamp.
- 01 Variant av Flesbergingen, springar 2:02
 - 02 Hamburg e. Anders Ødegaarden 1:16
 - 03 Reinlendar e. Anders Ødegaarden 1:56
 - 04 Pere-Marit, vals 1:11
 - 05 Ransåsen, springar 2:20
 - 06 Helje Tresk, springar 2:30
 - 07 Gunnarhallingen 1:30
 - 08 Gamle Haugan, springar 2:15
 - 09 Jeg vet meg en venn e. Jøran Aasland 1:59
 - 10 Vals e. Herbrand Førli 0:48
 - 11 Hamburg e. Ole Skudsvik 1:36
 - 12 Reinlendar e. Ole Berget 1:30
 - 13 Flesberg-hamburg 2:08
 - 14 Brudevals til Gro og Ole Johnny 2:09
 - 15 Sven Svane 3:33
 - 16 Reinlendar e. Ole Nærlieie 1:45
 - 17 Hamburg e. Anders Ødegaarden 1:50
 - 18 Reinlender e. Olav K. Bratås 2:12

VIDEO

Flesbergingen

Tangeslåtten

Halling e. Hellik Rud